

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
058/18	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	24.05.2018
051/18	Formannskapet	PS	06.06.2018
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Viviann Kjøpstad	14/84

## Oppstart av arbeid med reguleringsplan og offentlig ettersyn av planprogram for detaljregulering Olsneset - NKKS- Bruvik gbnr 154/1 planID 12532014002

### Vedlegg:

Planavgrensing detaljregulering Olsneset- NKKS- Bruvik planID 12532014002

Planprogram mai 18

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Plan- og kommunalteknisk utval rå formannskapet til å rå Heradsstyret til å vedta oppstart av planarbeid for Detaljregulering Olsneset – NKKS- Bruvik gbnr 154/1 planID 12532014002 med planavgrensing og planprogram dagsett 24.03.18 for utlegging til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-9 og 4-1.»

### Plan- og kommunalteknisk utval - 058/18

#### PL - behandling:

#### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes tilrådd

#### PL - vedtak:

«Plan- og kommunalteknisk utval rå formannskapet til å rå Heradsstyret til å vedta oppstart av planarbeid for Detaljregulering Olsneset – NKKS- Bruvik gbnr 154/1 planID 12532014002 med planavgrensing og planprogram dagsett 24.03.18 for utlegging til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-9 og 4-1.»

#### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

Plan- og kommunalteknisk utval handsama planoppstart med planprogram i møte 12.03.14. Etter

møtet vart ikkje planoppstart kunngjort av tiltakshaver/plankonsulent. Det har difor ikkje vore progresjon i planarbeidet sidan 2014. Rådmannen har vurdert at sidan det er gått over 4 år sidan førre handsaming, planframlegget er i strid med gjeldande kommuneplan og plan-og kommunalteknisk utval ikkje kan vedta detaljplanar etter plan-og bygningslova er det naudsynt med ny politisk avklaring i samband med planinitiativet til Norsk-koreansk kultursenter på Olsneset.

### **Bakgrunn**

Saka gjeld oppstart av planarbeid og offentleg ettersyn av planprogram for gnr/bnr. 154/1 - Olsnes.

Tiltakshavar for plan er Stiftelsen Norsk-koreansk kultursenter og utførande konsulent er Cardo 8614.

Stiftinga Norsk Koreansk Kultursenter (NKKS) ynskjer å etablere eit trenings- og kurslokale, kafe og enkel overnatting. Kultursenteret skal vera eit senter for opplæring i taekwondo og i tillegg ein møtestad mellom koreansk og nordisk kultur.

Området er sett av til LNRF i gjeldande kommuneplan. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for kurs- og konferansesenter. Planområdet ligg i kjerneområde landbruk. . I tillegg er omsyn knytt til infrastruktur viktige tema i planarbeidet. Planføremålet er ikkje konsekvensutgreidd i overordna plan og det er difor krav om konsekvensutgreiing.


Framlegg til planprogram vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn saman med varsling av oppstart av planarbeid. Etter høyring vil planprogram med eventuelle justeringar leggast fram for endeleg vedtak. Vedteke planprogram skal leggast til grunn for utarbeiding av forslag til reguleringsplan.

### **Intensjon for planarbeidet**

Området rundt eksisterande tun er ønska tilrettelagd med føremål «*Fritids- og turistføremål*». Det er redusert omfang av aktivitet i høve til førre planprogram. Det er tenkt bygg for trening og undervisning ved eksisterande bustadhus og nokre mindre hytter for overnatting nord for eksisterande bustadhus. Eksisterande landbruksareal skal i hovudsak verta regulert til landbruksføremål. Planlagd tiltak vil medføra auke i trafikk på ein veg av svært dårleg standard. Planområdet har difor inkludert ein del av tilførselsveg til eigedomen for å vurdere etablering av møteplassar. Det er ikkje lenger vurdert behov for td. buss fram til eigedomen.

### **Planavgrensing**

Planområdet er redusert i høve til førre forslag. Vegen er framleis inkludert i planområdet medan det er teke ut området ned til sjø og i strandsona.



**Figur 1 Raudt er gjeldande forslag til planavgrensing. Svart er 2014.**

### Rådmannen si vurdering

Etablering av av den ønska aktiviteten i dette området medfører særskilde utfordringar i høve til landbruk og infrastruktur. Utfordringane er skildra i planprogrammet slik det no ligg føre og set dei viktige premissane for kva planarbeidet skal gjere greie for og vurdere. Området er i tillegg eit landbrukslandskap med store kvalitetar. Det er difor viktig at ein gjennom planarbeidet tek føre seg verknad av dei faktiske tiltaka på landskapet.

Rådmannen er positiv til utvikling og aktivitet i Bruvik. Det er viktig at det vert etablert ein god prosess opp mot andre interesser i Bruvik slik at ein finn løysingar som sikrar dei ulike omsyna i området for framtida.

### Konklusjon

Rådmannen meiner at planprogrammet slik det ligg føre no vil sikre at dei ulike konsekvensane av planen vert utgreidd tilstrekkeleg. Ein rår difor til vedtak av planoppstart og at planprogrammet vert lagd ut til offentleg ettersyn.